

# Globalt kulturfellesskap og det evangeliske korrektiv

JAKOB AANO

I det nummer av Misjonstidende som dekte den storslegne jubileumsfeiringa i august i fjor, vart vi også minte om dei to tidlegare «runde år» i Misjonsselskapets historie.

Femtiårsjubileet i 1892 var ei stor-høgtid, forstår vi. Vi les om «store Skarer av Deputerede», og som i fjor, var veret surt på førehand, strålende under jubileumsdagane, og regn igjen under siste festen! I slekta til kona mi har dei tatt vare på eit langt samtidig sommarbrev frå bestefar hennar til hans «kjære Broder Helmert», der han i livfulle ordelag fortel om ein tre vekers tur langs kysten til Kristiania, og med stopp på returen i Stavanger. Der møter han to andre brør, Gunder og Kristen, som er «deputerede». Sjølv er han ikkje utsending, men han får vera med på mykje interessant, og han får møta, les vi, menn som Madagaskar-misjonæren Reinert Aas frå Sand/Sauda, brørne hans Elias Aas, prest i Amerika, og Knut Aas, lærar på Ørlandet. Han skriv om Lars Dahle, og om «Hans Nilsen Hauge», «sønnesøn av gamle Hauge. Han talte varmt og hjertelig», høyrer vi. Og så heiter det i slutten av det lange brevet, slik det er trykt i Årbok for Sauda Sogelag 1987 (Det gjeld «ordinationen» i Petri Kirke):

«13/7. Alle deputerede skulle først slippe ind og så alle husverter fikk sig uddelte billetter: Da omtrent alle disse var slupne ind, blev der åbnet for alle; men der var så mange og så trangt at jeg og mange andre ikke kom halvveis til døren fra det sted, hvor vi stod, førend der blev stængt. Jeg og lærer Øie og mange andre slap ikke ind. Vi stod der en liden stund, så kom Rettedal (truleg Tormod, Kinamisjonen, min mrkn.) og så den store masse og så sagde han, at de kunne gå til Betania, hvor han talte om blodet på dørstolpen i Ægypten, og en anden sluttede med bøn. Vi gik da ud derfra ca. 12. og hen til Petri, nu åbent; thi mange var gåede ud, da de ikke kunde høre biskoppens tale. Jeg gik da ind på gulvet og fik høre lidt av velsignelsen, af ordinationen og prædiken af Fagereng. Da vi så havde hørt på alt , gik vi og fik os middag. . .

Torsdag kl. 12 1/2 gik vi med «Ryfylke» fra Stavanger. . . Jeg kom da hjem efter 3 ugers fravær, og jeg syntes det var godt at få hvile efter reisen. Fløgstad, den 19de august 1892.»

Eit brev som dette er i seg sjølv eit verdfullt kulturminne, både ved sitt innhald, og ved at det minner oss om ei tid med ein rolegare livsrytme enn vår, og som også var med å utvikla ein imponerande brevkultur (13 tette boksider, og det er 2/3 av brevet!).

Samstundes gir det eit levande inntrykk av den direkte samanhengen mellom Haugevekkinga og starten av norsk misjon, og av at misjonen på 50 år var blitt ei brei folkerørsle i landet.

Så gjekk det nye femti år, og NMS feira 100-årsjubileum under krig og okkupasjon. Og likevel makta misjonsfolket å markera misjonshistoria og trua på ei framtid for misjonen, og det på ein gripande måte. Misjonskantaten av Fangen og Sandvold minte oss, midt under krigens ragnarok, om at «Guds menighet er jordens største under», og vil bli ståande, «mens verdensriker stiger og de synker».

Og så er vi tilbake til vårt jubileum, ja, ei dobbeltfeiring: NMS 150 år i fjor, og Misjonshøgskolen 150 år i år. Og også denne gong, ja, *særleg* ved fjorårets og årets milestolpe, blir vi minte om *kulturdimensjonen* i misjonsverksemda. Eg nemner to døme på dette frå jubileet i fjor: Det utrulege bilet-teppet, montert av strimlar sydde i over 2000 kvinneforeiningar – 60 meter langt og 5 meter høgt – fargesprakande vakkert og inntrykkssterkt der det fylte ein heil langvegg i den store jubileumshallen!

Den andre påminninga om kulturdimensjonen fekk vi i og med utanriksminister Thorvald Stoltenberg si helsing til jubileet. Han sa m.a.:

«Det første jeg vil takke alle som har vært med i Det norske Misjonsselskaps arbeid hjemme og ute, for, er å ha brakt – ikke minst – kunnskap til vårt land om områder og mennesker, et liv og en kultur som har vært ganske lite kjent i landet vårt.» Her, seier han, «har NMS i 150 år gjort en meget, meget stor innsats». Og så føyer han til: «Og så vil jeg naturligvis legge vekt på det universelle: At folk her satser og gjør en innsats for det de tror på, slik som hver enkelt av dere har gjort og gjør.» Og han avsluttar med at han «trygt kan si at det er et samlet Norge som takker dere for de verdier dere – ikke minst – har brakt til deres eget samfunn og eget folk og eget land.»

Og så er vi inne i emnet vårt: Kulturdimensjonen i det arbeidet som misjonen representerer, over så mange grenser.

### **Globalt kulturfellesskap – finst det?**

Eg vil byrja med eit kjent sitat: «Menneske, husk at du er støv, – Husk at du er mer enn støv!» Dette er det meir enn *ein* diktar som har mint oss om. Og lenge før nokon kjend diktar sa det, vart det formulert i liknande vendingar av bibelske forfattarar, t.d. i Salmane: «Mennesket er som gras. . .» Og kontrasten «Du gjorde han lite ringare enn Gud. . .»

Her får vi i utvetydige ordlag vita at mennesket er av jord, at men-

nesket er biologi, av same slag som dyra. Mennesket er med andre ord natur. Det er det nøkterne utgangspunkt for all tale om kva eit menneske er.

Men, heiter det i same andedrag i den bibelske realismen: Mennesket er meir enn biologi. Mennesket er ein skapning som har skapt eit omgrep som «kultur», med alt det det ber med seg av spørsmål, problem og utfordringar som ikkje kan definerast biologisk. Og derfor har vi òg eit emne å tala om, mennesket som kulturskapning, og spørsmålet om menneskeleg kulturfelleskap.

Saka er den at menneske har sysla med kulturspørsmål lenge før dei kjente ordet, lenge før dei sette eit serskilt namn på det dei sysla med, då dei tok til å arbeida med naturen i formande, i skapande aktivitet.

Og så er det sagt: *Natur* er ikkje kultur. Biologisk er mennesket ein naturskapning. Og som andre skapningar må mennesket tilpassa seg naturens luner og skiftingar, skaffa seg næring, syta for ly mot vind og ver, byggja vern mot fiendar: For ein fantastisk vilje til liv som finst i alt levande, og for ei evne til å nytta dei djupe overlevingsinstinkta som byr livet å leva vidare, skaffa avkom, og verja avkommet!

Mennesket byrja bruka naturen, utforska han, gå inn i eit utviklings-samarbeid med naturgrunnlaget, kunne ein seia: Mennesket byrja dyrka dette livsgrunnlaget. – Og så fell det naturleg å ty til den gamle poetiske kulturdefinisjonen, enno ein gong: «All kultur er dyrken, først og fremst av jord» (Jonas Dahl). Det latinske ordet *cultura* tyder nettopp (jord-)dyrking. Framleis talar bonden om å leggja land under kultur, om plantekultur, skogskultur, ja, sanneleg også om kulturmjølk, eit resultat av ein bestemt «bakterie-kultur».

Så kan vi altså gå tilbake til mitt første sitat, og bruka det på nytt, i litt fri omskriving: «Menneske, du er nok natur, men du er òg så meir enn natur!»

Mennesket har ei drift i seg, ein trong til å gjera noko med naturen, ja nettopp – til å kultivera han.

Naturen er nok grunnlaget. Men kultur er alltid i utgangspunktet bearbeidd natur: «Selve den formende virksomhet er et allmenmenneskelig anliggende, et uttrykk for at mennesket av naturen er et kulturvesen, for å si det litt besynderlig» (Johan B. Hygen i festskriftet *Kristendom og kultur*, s. 161)

Først, som sagt, den kultivering av det som endeframt spring ut av naturgrunnlaget, og som vi brukar eit norsk ord på, nemleg *dyrking*. Dyrking av jorda, skogen, etc. Og som siktar mot betre tilfredsstilling av menneskets grunnleggjande behov enn det ei rein tilpassing til den ubearbeidde naturen kunne by. Og det jamvel om ein ser døme på



menneskeleg kulturvilje alt i dei enklaste samfunnsstrukturar. Men her ser ein likevel nærleiken mellom natur og kultur: Det handlar framleis om «naturfolk», samstundes som ein talar om at dei lever i ein samla *kultur*, og endå meir når det er tale om jeger- og fiskar-kulturar.

Med dernest ser vi at alt her skil mennesket seg klart ut frå sine næraste biologiske grannar. Menneska dyrkar naturen: Dei betrar sine kår ved å leggja naturen under seg. Dei finn på ting for å kunna letta livet. Dei skaper ting for å gjera det behagelegare, trivelegare, vakrare ikring seg.

*Skapartrongen* er spesifikk for mennesket. Den gir seg utslag i estetiske, etiske og religiøse funksjonar. Dette er noko vi kan konstatera, overalt der mennesket har sett får etter seg, uavhengig av korleis ein vél å plassera fenomenet teologisk. Og dette grunnleggjande draget i mennesket er vel eit hint om kva retning svaret mitt kjem til å gå, på spørsmålet om det finst eit globalt kulturfellesskap.

I alle fall i utgangspunktet finst det eit slikt fellesskap. Rett og slett fordi mennesket er menneske, og meir enn natur: Det er både biologi og sjel. Overalt der menneska lever, i tropene eller mot ishavet, reagerer det på gjenkjenneleg vis: *I sin kamp mot naturkreftene, i sin trong til skaping, i ord, tonar, bilete, i sin trong til medmenneskeleg fellesskap.*

La meg ta eit par døme: Ein dag gav eg som engelsklærar mine afrikanske elevar som stil i oppgåve å skriva om noko heimefrå, frå dagleglivet eller noko dei gamle fortalde. Då skreiv ein av dei eit eventyr med tittelen: «How the hyrax lost its tail». Hyraxen er eit lite halelaust pattedyr. Og det var som å høyra eventyret om koss bjørnen mista rova si! Berre at her kunne ikkje instrumentet vera frost og is, men heller ei klyft i eit tre eller liknande. Då kom eg på eit stykke som stod i mi lesebok for middelskolen midt i 30-åra: «Eventyra på vandring». Her følgjer professor Knut Liestøl same eventyrmotiv frå kontinent til kontinent, frå kultur til kultur, frå hundreår til hundreår.

Fascinerande! Og det også som vitnemål om ein slektskap mellom menneska som vi ikkje kjem på til dagleg: Det har faktisk vore direkte kontakt, påverknad, idéoverføring, mellom kulturane i mangfoldige hundreår. «Eventyra bryr seg ikkje om grenser og kulturar», er det sagt, og med rette.

Slik er det knytt band mellom menneska, fordi det er slektskap mellom dei, uavhengig av kulturbakgrunn, like til det å lika, la seg gripa, av dei same motiva, dei same litterære poenga rett og slett.

Ta eit anna døme: Akantusranken. Så kjend og kjær i norsk treskjæringsornamentikk i mange hundre år: Så rotekte norsk. Koss kan vi tala slik? Akantusen veks då ikkje i Noreg! Og akantusmotivet har vandra gjennom Europa, i alle fall frå Middelhavslanda, like frå oldtida



av. Det den forfina grekaren tykte var vakkert, det glede også den norske vikingen, og hans kvinne ikkje mindre!

Globalt kulturfellesskap?

### **Men kva med skilnadene?**

Dette er vel og bra, kan ein gjerne innvenda: Men likevel er det vel kultur-skilnader som spring oss i augo. Det er då eit sprang over ein avgrunn mellom buskmannen i Afrika og den kultiverte vest-europearen!

*Det* er unekteleg så. Og ut frå slike klårt synlege utviklings-skilnader, skapte antropologane etter darwinistisk modell enkle kulturinnendingar frå det primitive til det avanserte, frå «lågtstående» naturfolk til vår «høgtstående» europeiske sivilisasjon.

Altså: Etter denne utviklingsmodellen blir det lite rom for noko kulturfellesskap mellom folkeslag og tidsaldrar: Dette synet på kulturhistoria førte tvert imot til ei kulturell lagdeling som også gjekk på verdi, på menneskeverd rett og slett. Og det med lagnadstunge følgjer, som vi veit, i erobring, kolonisering og raseforakt.

Men etter kvart vart det vanskelegare, også vitskapleg sett, å halde på slike kulturelle lagdelingar.

Ein fann t.d. at førkoloniale rike i Afrika hadde nådd fram til politiske organisasjonsstrukturar som var fullt på høgde med samtidige europeiske statsskipnader. Ein fann skulpturar så formfullenda, t.d. i den såkalla Benin-kulturen i Vest-Afrika, at det skapte tvil om den darwinistiske kulturelle lagdelinga. Og forvirringa vart total då ein fann eldgamle holemaleri i det indre av Afrika, med dyreteikningar så friske, og med ein så bevisst styrt naturalisme i form og farge at det på mange måtar minner om den europeiske impresjonisme frå slutten av førre hundreåret! Her var ingen enkel utviklingsforklaring mogleg.

«Jordi er full av underverk  
mennesket sjølv er det største under».

Slik heiter det i Eirik Vannviks praktfulle omsetjing av prologen til Sofokles Antigone. Så nært i forståing og klangbotn, over eit sprang på 2500 år frå den første nedskrivning til i dag.

Og stadig har det evne til å gripa: Det er slektskap mellom sjelen og stjernene, sa Henrik Wergeland. Tru om det ikkje er derfor vi merker det er slektskap mellom menneske og menneske, på tvers av alle skilje, i avstand i tid og rom, i levevilkår.

## Døme på grensesprengande slektskap

Ikkje minst gir det seg utslag i musikk og rytme. «Primitive» afrikanske rytmar har erobra verda, via jazzen og fram til den moderne pop og rock – på godt og vondt.

Europeiske musikktradisjons edlaste verk har spreidd seg til alle kulturar: Koret ved den guteskolen eg leidde i Afrika, song med gripande innleving Halleluja-koret frå Händels Messias. Og i Korea var eg ein gong gjest ved ein mektig nasjonalkonsert der koreansk folklore veksla med solistnummer av klassiske europeisk musikkverk, – i topp teknisk framføring og med smittande utøvingsglede.

Eitt område til vil eg nemna som døme på at det finst eit kulturfellesskap over alle kulturgrenser. Eg tenkjer på dei reglar for god tone, for rett oppførsel, som finst i alle samfunn. Ja, ein kan vel seia at dess «enklare» samfunnet er, dess meir omfattande er reglane. Somme gonger kallar vi desse for tabureglar. Særleg når vi talar om framande, eksotiske kulturar.

Men i sin grunn er dei uttrykk for det same: Det dreier seg om trafikkreglar for sosial omgang. Slik at ein kan omgåast i det daglege mest mogleg utan friksjonar. Den som har arbeidd i meir stabile kulturmiljø enn våre vesterlandske, han blir slått av kor vakre og kor funksjonelle desse reglane for god tone ofte er. Og han blir litt skamfull både fordi han sjølv gjorde så mange dumme tabbar før han lærte i det nye miljøet, og fordi han må erkjenne at *er* det kulturskilnad og ikkje fellesskap her, så er det fordi vi har mist sansen for det vi kune kalla «sosial stil» i vår både konturlause og kulturlause omgangsform og tone.

La meg ta eit døme: Eg var nettopp komen ned på skolen til ein ny arbeidsdag. Eg hadde det travelt som vanleg. Og så såg eg ein av elevane og sa til han: Du Daudi, vil du vera gild å henta ei bok (som eg nemnde) til meg og koma inn på kontoret til meg straks. Den unge guten bukka og sa: «Goodmorning Sir, Yes Sir.» Åja, goodmorning, svara eg, ikkje så lite brydd. Men kan vi tenkja oss ein nydelegare måte å bli sett på plass på?

Min konklusjon så langt er altså: Det finst eit globalt kulturfellesskap. Og det finst så mykje vi kunne læra av kvarandre, om vi var oss dette fellesskap meir bevisst. Det er gledeleg at det ser ut til å vera aukande forståing for kulturdimensjonen i alt samarbeid mellom menneske frå ulike bakgrunnar. Og særleg der ein kjem så nær inn på kvarandre som i eit mangesidig utviklingssamarbeid.

Gradvis har også norsk u-hjelpspolitik sett verdien av dette, også slik at det har byrja visa att på stønadsbudsjettet.

Personleg har eg interessert meg for kulturdimensjonen i hopehavet med landa i Den tredje verda i lang tid. Eg har hatt glede av å merka ei

gryande forståing for kva dette inneber, både her heime og i internasjonale fora. Og eg er personleg glad og litt stolt av at eg fekk vera med å arbeida inn ein eigen passus om dette i sluttdokumentet frå den store Nord-Sør-konferansen i Europarådets regi midt på 80-talet. Der fekk det denne ordlyden, i § 13 i den såkalla Lisboa-erklæringa, som for øvrig la grunnlaget for Nord-Sør-kampanjen 1988:

«13. The Council of Europe fully recognises the cultural implications of rapid social and economic change. It therefore regards it as of the utmost importance to take note of the cultural dimensjon in all development co-operation. It is particularly concerned with the need to protect the cultural expressions of an artistic nature, and to support cultural institutes in developing countries.»

### **Både fellesskap og skilnad**

Men for å ta opp tråden og gå tilbake til kulturaspektet i meir generell mening: Min konklusjon, så langt, er altså at det finst eit globalt kulturfellesskap. Men sjølv sagt: Det finst også store skilnader. Og det er vel det at desse er så synlege som gjer at vi ofte spør om det er noko som er felles i det heile.

Først den positive skilnaden, variasjonsmangfaldet. Både det nasjonale, det europeiske og det globale. Dette mangfaldet skal vi gleda oss over. Men det kan vi berre gjera ved å stilla oss opne for det. Trygge i vårt eige, opne mot dei andre.

Og her er ei ny tankestillar: Då den tverrpolitiske Skolekomiteen av 1963 skulle definera dei viktigaste draga i *norsk* kulturarv, fann han at dei grunnleggjande tradisjonane i vår kultur var «kristen tru og moral, dei demokratiske ideane og vitskapleg tenkjemåte og metode». Men ingen av desse er då spesifikt norske, men heller felles europeiske. Vi står i ein kulturell *samanheng*, i dette tilfellet rett nok ikkje ein global, men i alle fall ein regional *samanheng*, i eit europeisk fellesskap.

Så er vi ved dette også inne på noko av det grunnleggjande i *skilnaden* i kulturinnhaldet. Og det er lett nok å påvisa slik ulikskap. Om vi einsidig drog dei draga fram, kunne det føra til at vi måtte slå fast at eit globalt kulturfellesskap er ein draum og eit falsum. Vi har fått kuldegysingar nedover ryggen ved misjonærforteljingar om innsnørte føter på kinesiske kvinner, like opp mot vår tid. Vi har tatt avstand frå enkebrenning i India, kvinneleg omskjæring i Afrika, islams brutale lovhandheving, med sitt «auga for auga, hand for hand» som konkret straffemetode. Vi har med gru lese om romersk herremoral og underkuing av andre folk og rasar. Og vi tykkjer det er ein avgrunn mellom oss og våre viking-



fedre og deira herjingar i det kristne, delvis passiviserte Europa. Kulturfellesskap? Vel heller kulturavstand over ein avgrunn!

Og likevel: Er ikkje dette sider ved vår globale kultur som vi også må erkjenna fellesskap med, både i ansvar og skuld? For dette er då drag som har fylgt europeisk kulturutvikling: Den sterkastes rett, gapestokk, kvinneunderkuing, sosial undertrykking, raseforakt, kolonial erobring. Og krigar i alle hundreår, like til det ufattelege som utspelar seg i det tidlegare Jugoslavia i våre dagar.

I sitt imponerande foredrag om «Kulturens grunnlag» skriv Johan B. Hygen om dette, i det han analyserer den europeiske kulturen:

«Entydig og enhetlig kristen ble den europeiske kultur likevel aldri. Ser vi f.eks. på et så karakteristisk fenomen som ridderordnene og korstogene, er det åpenbart at de utgjør en forening av så vidt forskjellige elementer som nesten ekstatisk kristen fromhet og germansk krigerånd. Det såkalte kristne Europa har overhodet alltid hatt et betydelig innslag både av ikke-kristen kultur og ikke-kristent barbari. Kaster vi et blikk på så utrivelige kapitler som kjetterbrenning og heksejakt, får man et uhyggelig inntrykk av hvilke allianser Europas historie kan oppvise. Det vil være rimelig å betenke seg en smule på å bruke betegnelsen kristen kultur som kan gi plass for slike redselsgjerninger, selv om, eller nettopp når de skjedd i kristendommens navn.» (*Kristendom og kultur*, festskrift til Johan B. Hygen s. 160).

Altså, dei ubehagelege draga i kulturen kan ein slett ikkje lata att augo for. Dei uhyggelege sidene ved all menneskeleg utfalding, brutaliteten, retthaveriet, ja, vondskapen.

Men også i dette er det eit slags kulturfellesskap, fellesskap i synd. Fellesskap i fallets konsekvensar, for å uttrykka det teologisk. Ingen har i så måte noko å rosa seg av: Det såkalte «kulturmennesket» endå mindre enn dei vi i meir naive tider stempla som «primitive». Kanskje ein heller burde seia at *dei* visste kanskje ikkje betre. Men *vi* burde ha visst betre. Og her er vi ved eit kjernepunkt. Både når det gjeld kulturfellesskap og kulturgrenser.

## Menneskesynet

Og den grensa går ved *menneskesynet*. I alt sitt kulturstrev, der det i dei mest uventa kultursamanhengar er skapt forbløffande kunstverk, har mennesket likevel ikkje vunne over dei biologiske grunnkreftene i sin natur: Viljen til makt, til dominans, som har fått som uunngåeleg følgje urett mot andre menneske, og det like til filosofisk, ja, teologisk rettferdiggingering av bruk av vald og list, hat og tortur.

Sanneleg, det finst eit fellesskap i skuld mellom alle menneske. Og visseleg også i den europeiske kulturarven. Europearen har òg ei bør av skuld å bera på, fordi han har brukt dei overlegne reiskapar som europeisk vitalitet, vitskap og sivilisasjon har skapt, i innbyrdes krigar og ytre erobring som har sett sine blodspor i historia, sterke

nok til å ta bort både tru og frimod på vegner av den europeiske kultur-arven, når vi møter vår eigen kritisk spørjande unge generasjon, og også verdas unge nasjonar.

### **Det vonde samvitet som korrektiv**

Verda har sett mange erobrarkulturar gjennom tidene. Den europeiske verdsekspansjonen er ikkje ulik desse i mange av sine drag. Men eitt grunndrag skil Europa ut på ein underleg måte: Det vonde samvitet. Dette har aldri blitt heilt drept. Europa har ikkje latt den sjølvherlege herskaridéen som er sin eigen forsvarsadvokat få lov å rå grunnen aleine. I forkynninga av alle menneskes likeverd under Skaparen, bygt på teologisk kunnskap og filosofisk sjølvransaking, har det europeiske mennesket måtta vedgå at det lever ikkje opp til sine egne ideal, t.d. dei som vart nedfelde i menneskerettserklæringar under dei store revolusjonane.

Og etter som andre representanter for den europeiske erobrarrasen, gjennom misjon, i undervisning og forkynning overførte desse tankane til den overvunne, gav den europeiske herskaren sine undertvungne eit våpen i hende som han ikkje kunne verja seg mot utan å forneкта det djupaste i seg, det som til sjuande og sist gjorde han til eit kultur-menneske: det evangeliske korrektivet.

### **Det evangeliske korrektivet**

Og her er vi ved eit skiljepunkt. For her møter vi det vi kunne kalla det guddommelege korrektiv til alt menneskeleg kulturstrev. Ikkje som ei avvising av menneskeleg skapartrøng og kulturmedvit. Nei, alt dette er i pakt med Skaparens vilje etter den første trusartikkel. Men som rettleiing, styring av menneskeleg livsutfalding: Og korrektivet ligg i det *kristne menneskesynet*.

«Det som ikkje kom opp i noko menneskes hjarta», – det måtte det ei openbaring til for at menneska skulle få vita om. Nemlig den uventa bodskapen at alle menneske har same opphav, har same verdi, og har same mål: «Gud vil at alle menneske skal verta frelste og læra sanninga å kjenna» (1. Tim 2,4).

Denne bodskapen om Guds oppsøkjande kjærleik, som vil fellesskap med sin skapning, er i sanning revolusjonerande og nyskapande, inn i alle kulturar. Og det gir samstundes eit altovervinnande argument for at menneska er likeverdige, har same rett og plikt til å gi og ta imot i det menneskelege samspel, i kultursamvirket på jorda.

Og det set samstundes eit ikkje-diskriminerande skilje i det globale

kulturfellesskapet vi til no har funne fram til. Nemleg det vi kunne kalla *Det evangeliske korrektivet*: Det er kome til oss ein bodskap utanfrå. Om ein Skapar som søkjer etter sin skapning, fordi han elskar menneska og tilbyr dei samfunn med seg, og derved med kvarandre.

Og dette er ein bodskap for alle folk, rasar, einskildmenneske, kvinne og mann. Her får vi stadfesting på at det jamvel etter Guds plan er meint å finnast eit globalt fellesskap, eit i eigentlege forstand kulturfellesskap. Nemleg det som er bygt på den mest revolusjonerande av alle idéar, den at menneskeverdet er det same, uavhengig av kulturbakgrunn, klasse, kjønn, menneskeleg og materiell utrustning. For dette menneskeverdet er basert på noko utanfor det upålitelege menneske-hjarta. Det har sin grunn i Guds eige vesen!

Dette gir på den eine sida ei kjensle av å vera uverdige, men samstundes eit udiskriminerande misjonsfrimod: Dette er for godt til å vera berre for oss. Dette er for alle menneske. Nettopp for – eller kanskje rettare sagt – *også* for å kunna realisera heile fullnaden i det latente globale kulturfellesskap vi har tala om. Ikkje at vi *er* noko, men vi har *fått* noko, «ei glede som er meint for alle folk», som det heiter i juleevangeliet. Dette har like lite med kulturimperialisme å gjera som det har med politisk imperialisme å gjera når vi gjerne vil presentera vår demokratiske styreform, med rettstryggleik og fridom, som eit reelt alternativ også for andre nasjonar, ikkje minst dei nye nasjonane i den tredje verda. Nettopp ut frå eit kristent kultur-frimod står vi i ein forkynnande dialog, både innerter i vårt eige folk, og like til endane på jorda. Og med eit kristent trusfrimod avviser vi den vesterlandske motløyse på vegner av vår eigen kultur i konfrontasjonen med andre kulturar. Vi avviser altså å føra kulturkritikken så langt at det skapar forakt og avvising av eigen arv.

## Misjonen som kulturformidlar

Det møte mellom kulturar som misjonen gav opphavet til, skapte også nyfikne, og hos somme ei djupare interesse som igjen la grunnen for ei vitskapleg tilnærming til kulturmøtet og kanskje kulturkollisjonane. Slik gjekk det til at somme misjonærar vart naturgranskarar, folkeminnesamlarar, historikarar, og ikkje minst språkforskarar.

Misjonshøgskolens museum og bibliotek, og ikkje minst det internasjonalt anerkjente arkivet er gode døme på dette. La meg i denne samanhengen nøya meg med å nemna to av «våre eigne», slik dei på ein indirekte måte vert framheva, ved at dei er omtala i føreordet til ei ny historibok om Madagaskar, nemleg Mervin Browns *Madagascar Rediscovered*: «And her I must not forget to mention the remarkable



work of the two Norwegians Otto Chr. Dahl, om the remote origin of the Madagasians, and L. Munthe, on the history of missions.»

Slik ser vi ein flik av kulturfellesskapet, i misjonssamanhengen. Og kva er ikkje summen av alt dette blitt, trass i feil og misforståingar, på grunn av kulturbarrierar og menneskeleg skrøpelegdom: Store, sjølvstendige kyrkjer som i dag er med og knytter band, og sender ein straum av velsigning og oppmuntring tilbake til «sender-kyrkjelyden». Og det på så mange vis. Men her skal berre nemnast songen, som på ny og forfriskande vis minner oss om kjernen i vår felles høgheilage tru: Fagnadbodet om Han som kom, som bana veg til Guds rike, for oss og for dei.

Det er dei unge kyrkjene i «misjonslanda» som på ein ny frisk måte i song fortel oss det gamle, nye fagnadbodet. Frå Tanzania sender den unge Bernhard Kyamanywa gladmeldinga til kanskje litt motlause norske kristne, at «Han er oppstanden, Halleluja! Lov ham og pris ham, haleluja!» (NoS nr. 191 og Sangboka nr. 77). Og frå Madagaskar har vi fått den herlege «Jesus, ja han alene, er Ordet fra Guds munn» (Sb nr. 90). Sterke vitnemål om at evangeliet er for alle kulturar!

Sjølv fekk eg oppleva noko av resultatet av den breiddeverknaden evangeliet har skapt i Afrika i dei åra eg var skolemisjonær i Tanzania (1959–63). Dette kunne eg gjerne seia mykje om. Men eg nøyer meg med å oppsummera røynslene mine på denne måten:

Møtet med afrikansk kristenliv, og med gudstenesta i tilbeding og smittande glad lovsong, var så sterkt at det i heile livet etterpå har vore nærverande i hugen som eit styrkjande minne, og med eit inderleg ønske om at vi i Misjons-Noreg, ja, i Kultur-Europa, kunne fornyast ved noko av det same åndelege frimodet og den same kristne livsgleda. For ei fornying av norsk kristendom det kunne ha blitt, og for ei gjenreiseing av trua på åndelege verdiar det ville føra med seg for gamle, desillusjonerte Europa!

Møtet med det *unge* Afrika i kyrkje og i skole, med alle voner knytte til opplæring og kunnskap, det har vore ei erfaring å ta med seg i all seinare gjerning. Meir enn noko anna har det gitt oss ei stadig påminning om at verda er blitt ei, at det veks fram eit verdsfellesskap på grunnlag av vestleg kunnskap og teknologi. Dei nye generasjonane i Vesten må ha denne ufråkomelege realiteten som basis for all livsorientering og alle verdival: Det finst berre *ei* jord!

Dess før europearen blir klar over dette, dess betre kan vi verta positive medspelarar i utviklinga fram mot eit nytt globalt fellesskap over alle grenser, og som må veksa fram om jorda skal ha ei sivilisert framtid.

Carl Fredrik Engelstad uttrykker seg på denne måten i boka *Kultur-kollisjonen i Afrika*, i sluttkapitlet «Europa sett fra Afrika»:

«På den annen side mener jeg å kunne konstatere at sterke krefter i dagens Europa, og grotesk nok mest aggressivt innen den sektor som kalles «åndslivet», målbevisst og til og med i menneskeverdens navn sikter mot å knuse det menneskebilde som gjennom et par tusen års broget og mangslungen og ofte katastroferammet europeisk historie har vært lyset i mørket og det eneste faste punkt i forvirringen. Jeg må si jeg ikke tror et øyeblikk på verdien av et åndsliv som fomekter menneskets åndelige art, og ethvert oppbrudd fra «mennesket skapt i Guds bilde» er ikke og kan ikke bli annet enn en fomektelse av den menneskelige virkelighet og en flukt inn i meningsløsheten. Jeg er overbevist om at et Europa uten et åndelig – et i dypeste forstand kristent – sentripetalpunkt midt i all sin fasetterte rikdom er dømt til å omkomme i kaos og sterilitet, og det vil ikke ha annet enn sin forvirring å gi videre.»

Mot kulturpessimismen vågar vi med Engelstad å postulera eit globalt kulturfellesskap som grunnlag for ein sams kamp for basisverdier i kultiveringa av naturen, den materielle som den åndelege, der den kristne trua på alle menneskes likeverd gir både drivkraft til samarbeid og nesteteneste, og frimod til ein invitasjon til eit møte med Han som kom for å atterreisa det som synda har øydela. Dette vil samstundes vera den beste garanti mot kulturnihilismen, som er Vesterlanda sin farlegaste smittebærar inn i vår tidsalders stadig meir innfiltra kulturfellesskap.

*Jakob Aano*, f. 1920, cand. philol. 1948, studier i London 1959. Div. arbeid i skolen, bl.a. i Tanzania (NMS) 1959 – 1963, stortingsmann 1965 – 1985. Engasjert i div. kulturarbeid, litteratur, kringkastning, arbeid med menneskeretter, utvikling og politikk.

### ***Global cultural community and the corrective of the Gospel***

Being a contribution to a symposium on mission and culture, the author initially emphasizes the common humanity as a basis for a global cultural community. Within this basic community there are, however, important differences. When cultures meet there must be a mutual appreciation and respect, but at the same time there will also be tensions and conflicts. Among such features are: traditions and customs that violate important human rights, various understandings of human value, and the very fact that evil is part of every culture (from this point of view one may speak of a community in guilt). There must always be a critical factor: conscience, the evangelical corrective. Christian mission must take place in an open atmosphere, facing our own culture and other cultures with a missionary dialogue which in confidence and freedom offers a sharing of the heritage of the Gospel.